

Dobbeltsiger for Veslemøy

05.10.2014



Veslemøy tek siger nummer 2 denne helga

Veslemøy Haugland (frå Uskedalen og født i 2000) er ikkje snau. Fredag vann ho skuleversjonen og idag gjekk ho til topps i Kvinnheradløpet 2014. Tidene var 25,59 i det første og 24,51 i det andre løpet og i dag slo ho den 48 år gamle Hildegunn Håland frå Valen med 12 sekunder etter ein frisk innsjurt. I klassen for menn vart det ikkje overraskande dobbeltsiger til 2 Trio-løparar - Erlend Jensen og Ronny Nordal - og vinnaren hadde den sterke tida 18,56 i den 5,2 kilometer lange løypa. Årets Kvinnheradløp vart ein kjempesuksess.



Erlend Jensen sin siger var ikkje overraskande

Det skuldast framfor alt at løypa vart kraftig redusert både i lengde og vanskelegheitsgrad men også at veret slo om frå regnblask til sommarsol i siste augneblinken. Deltakartalet i trimklasa auka frå 516 i fjor til 632 i år og etter å ha vore nede på 20-talet sstilte det i år 49 i konkurranseklassa. Hvis ein også tek med tala frå Malmanger skule og ungdomsskulen kjem ein opp i eit samla tal på 919 og ein må langt attende for å finna maken til oppslutnad.

Men det burde ha vore fleire enn to skular som stilte og her ligg ei utfordring for arrangørane. Kvifor var til dømes ikkje Uskedalen med? Det burde også vore fleire frå vår bygd i løpet i går og det gjeld både trimmarane og dei som stilte i konkurranseklassa. I den siste finn vi berre 7 uskedelingar.

Den beste av dei

på den såkalla sverdsida var Johannes Haugland som vart femtemann, Her var Ole Vidar Monsen nummer 8. mens Jonathan Taranger var lenger ute. I kvinneklassa var dei 2 utflytta uskedelingane Marit Elise Haugland og Solbjørg Eikeland med også i år. Det var også Thea Taranger, som er kusina til Jonathan.

Det er positivt at slektingar og vener held farten oppe!

Når det gjeld sjølve den tekniske avviklinga er det berre eitt ord å nytta: FRAMIFRÅ!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Startskotet går for 49 deltakarar



Beste kvinnetroen: Veslemøy Haugland, Hildegunn Håland og Sara Guddal



Ein av familiane Haugland frå Uskedalen satsa på trimklassa